



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
postmottak@bld.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.
2014/2792 - 2652/2015

Saksh. – tlf.
Unni Rygg - 55097155

Dato
05.02.2015

Høyringsuttale - Tolking i offentlig sektor - eit spørsmål om rettstryggleik og likeverd

Fjell kommune v/ komité for drift (KD) behandla høyringa «Tolking i offentlig sektor – eit spørsmål om rettstryggleik og likeverd» på møtet 03.02.15, sak 12/15. Komiteen vedtok følgjande høyringsuttale:

Vedtak i Komité for drift - 03.02.2015:

Fjell kommune gjev følgjande generelle uttale til høyringsnotatet om Tolking i offentlig sektor:

1. Sett frå kommunen si side meiner vi at gjeldande Forvaltningslov §§ 11 og 17 er dekkande i høve føremålet som ligg til grunn for ny tolkelov. Fjell kommune ser difor ikkje behov for å oppretta eiga «Tolkelov».
2. Det ser ikkje ut til at utvalet i si utgreiing har vurdert utviklinga innanfor elektroniske hjelpemiddel ved tolking – til dømes «Appar» som kan nyttast til omsetjing av språk på mobil, nettbrett og PC. Den elektroniske utviklinga går raskt og kan over tid bidra til at behovet for manuell tolking vert redusert. Det er viktig at departementet også tek omsyn til den elektroniske utviklinga ved vurdering av behov for eiga tolkelov.

Med helsing

Unni Rygg (s)
saksbehandlar

Vedlegg: utvalsaksnr. 12/15



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/15	Komit� for drift	03.02.2015

H ring - Tolking i offentlig sektor - eit sp rsm  om rettstryggleik og likeverd

Samandrag av saka:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har sendt NOU 2014:8 *Tolking i offentlig sektor – et sp rsm  om rettssikkerhet og likeverd* p  h ring. H ringsfristen er 31. mars 2015. Det vart oppretta eit Tolkeutval ved kongelig resolusjon 23.08.13, som fekk som mandat   utgreie og fremje forslag til samordna, kvalitetssikra og effektiv organisering av tolking i offentlig sektor.

Tolkeutvalet var beden om   ta utgangspunkt i kvar sektor sitt sj lvstendige ansvar for   informera, rettleia og h re sine tenestemottakarar og   beskriva behovet for tolking i offentlig sektor framover. Utvalet foresl r ei lovheimla plikt for offentlig sektor til   bruka kvalifisert tolk fr  1. januar 2019. Utvalet meiner at slik lovheimel b r vera i form av eiga lov – Tolkelova.

Innstilling:

Fjell kommune gjev f lgjande generelle uttale til h ringsnotatet om Tolking i offentlig sektor:

1. Sett fr  kommunen si side meiner vi at gjeldande Forvaltningslov §§ 11 og 17 er dekkande i h ve f rem let som ligg til grunn for ny tolkelov. Fjell kommune ser difor ikkje behov for   oppretta eiga «Tolkelov».
2. Det ser ikkje ut til at utvalet i si utgreiing har vurdert utviklinga innanfor elektroniske hjelpemiddel ved tolking – til dømes «Appar» som kan nyttast til omsetjing av spr k p  mobil, nettbrett og PC. Den elektroniske utviklinga g r raskt og kan over tid bidra til at behovet for manuell tolking vert redusert. Det er viktig at departementet ogs  tek omsyn til den elektroniske utviklinga ved vurdering av behov for eiga tolkelov.

Straume, den 14.01.2015

Steinar Nesse
R dmann

Lillian Torsvik
servicetorgsjef

Handsama i Komité for drift - 03.02.2015:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komité for drift - 03.02.2015:

Fjell kommune gjev følgjande generelle uttale til høyringsnotatet om Tolking i offentleg sektor:

1. Sett frå kommunen si side meiner vi at gjeldande Forvaltningslov §§ 11 og 17 er dekkande i høve føremålet som ligg til grunn for ny tolkelov. Fjell kommune ser difor ikkje behov for å oppretta eiga «Tolkelov».
2. Det ser ikkje ut til at utvalet i si utgreiing har vurdert utviklinga innanfor elektroniske hjelpemiddel ved tolking – til dømes «Appar» som kan nyttast til omsetjing av språk på mobil, nettbrett og PC. Den elektroniske utviklinga går raskt og kan over tid bidra til at behovet for manuell tolking vert redusert. Det er viktig at departementet også tek omsyn til den elektroniske utviklinga ved vurdering av behov for eiga tolkelov.

Dokument vedlagt saka:

Lenke til Tolkeutvalet si utgreiing:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a47e34bc4d7344a18192e28ce8b95b7b/no/pdfs/nou201420140008000dddpdfs.pdf>

Saksopplysningar:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) sender NOU 214:8 *Tolking i offentlig sektor – et spørsmål om rettssikkerhet og likeverd* på høring. Tolkeutvalet vart oppnemnd ved kongeleg resolusjon 23. august 2013 og utgreiinga vart overlevert til departementet 24. september i år. Høyringsfristen er sett til 31. mars 2015.

Nedanfor er gitt eit kort samandrag av Tolkeutvalet si utgreiing.

Utvalet sitt mandat har vore å greie ut og fremja forslag til samordna, kvalitetssikra og effektiv organisering av tolking i offentleg sektor. Utvalet har teke for seg tolking mellom norsk og andre talespråk. I tillegg inngår tolking til og frå samiske og nasjonale minoritetar sitt språk i utgreiinga. Tolking for døve har heller ikkje vore del av utvalet sitt mandat.

Utvalet var beden om å ta utgangspunkt i kvar sektor sitt sjølvstendige ansvar for å informera, rettleia og høyra sine tenestemottakarar og å beskriva behovet for tolking i offentleg sektor framover. Bakgrunnen var ei bekymring for at mangelfull og dårleg tolking vil føra til at:

- Avgjerder vert tekne på feil grunnlag
- Folk får ikkje den hjelpa dei treng
- Offentlege ressursar vert brukt på feil måte

Tolkeutvalet si utgreiing stadfestar dette bilete.

Utvalet har konsentrert arbeidet sitt om dei sektorar der omsynet til rettstryggleik, liv, helse og likebehandling står sterkast. Justissektoren, utlendingsforvaltninga og helse- og omsorgssektoren får grundig omtale i utvalet si utgreiing.

Sektorar som er sentrale for vårt velferdssystem som NAV, barnevern, skule og barnehage er også nærare omtalt.

Utvalet sin konklusjon er at underforbruk og manglande kvalitetskrav til tolkar fører til at rettstryggleik og likeverd er trua og vert undergrave. I tillegg meiner utvalet at det er feil bruk av ressursar når samfunnet kvalifiserer tolkar som ikkje vert nytta i offentleg sektor. Utvalet si oppfatning er at ei hovudmålsetjing må vera at tolking i offentleg sektor skal bidra til å sikra rettstryggleik og likebehandling. Ei naturleg følgje av dette målet er at offentlege myndigheiter nyttar kvalifiserte tolkar og at det til ei kvar tid skal vera nok kvalifiserte tolkar til å kunna møta samfunnet sine behov for tolketenester. Tolking må, ifølgje utgreiinga, sjåast på som ein integrert del av oppgåveløysinga i sektorane.

Til saman føreslår utvalet meir enn 70 tiltak for å auka bruken av kvalifiserte tolkar i alle delar av offentleg sektor.

Departementet ber om høyringsinstansane sine synspunkt på flest mogeleg av tiltaka, og særleg dei som vedkjem eigen sektor. Det er viktig å sjå samanhengen mellom dei ulike forslaga i utgreiinga.

Departementet viser i sitt høyringsbrev særleg til at utvalet, i kapittel 17, føreslår lovheimla plikt for offentleg sektor til å bruka kvalifisert tolk frå 1. januar 2019. Utvalet meiner at lovheimelen bør vera i form av eiga lov (tolkeloven). Plikta til å bruka kvalifisert tolk bør gjelda situasjonar som vedkjem rettstryggleik og likeverd. Departementet viser og til at dette lovforslaget må sjåast i samheng med forslaget om forbod mot bruk av barn som tolk som nyleg har vore på høyring og som departementet no jobbar vidare med.

Regjeringa har ikkje teke stilling til forslaga i utgreiinga frå Tolkeutvalet. Dette vil verta gjort etter at høyringsfristen er ute og høyringsuttalane er vurdert.

Vurdering:

Rådmannen har gjennomgått Tolkeutvalet si utgreiing og forslag til tiltak. Vurdering av behov for oppretting av nye lovar er først og fremst eit politisk spørsmål. Det er likevel slik at alt lovverk som vedkjem kommunal sektor, til sjuande og sist vert rådmannen og dei kommunale tenestemåla sitt ansvar å følgja opp den daglege drifta. Det vil og vera slik at ikkje alle ting kan, og kanskje heller ikkje bør, regulerast i eigne lovar. I vurderinga av oppretting av nye lovar og lovendingar, må mellom anna følgjande takast omsyn til:

- risiko for auka byråkrati
- risiko for redusert lokal handlefridom
- risiko for at tenesteytinga ikkje kan tilpassast lokale tilhøve
- framtidig oppgåvedeling mellom stat, fylke og kommunar
- endringar i samfunnet kan koma i strid med lovverket
- forvaltningslova kan på sikt verta svekka og erstattast av ei rekkje særlovar som til dømes eiga tolkelov
- det at vi får eiga tolkelov kan føra til press for eigne lover på andre område

Tolkeutvalet var beden om å ta utgangspunkt i kvar sektor sitt sjølvstendige ansvar for å informera, rettleia og høyre sine tenestemottakarar og å beskriva behovet for tolking i offentleg sektor i framtida.

Det er Forvaltningslova §§ 11 og 17 som i dag inneheld lovheimel som skal sikra kvar sektor sitt sjølvstendige ansvar for å informera, rettleia og høyre sine tenestemottakarar. Dette inneber også bruk av tolk når det er behov for det.

Fjell kommune har i si uttale berre hatt fokus på kommunal sektor og har ikkje vurdert behova knytt til tolking i andre offentlege sektorar.

Rådmannen kjenner til at alle tenesteområde i Fjell kommune føl opp Forvaltningslova når det gjeld lovheimelen om å ta eit sjølvstendig ansvar for å informera, rettleia og høyre sine tenestemottakarar og i så måte nyttar seg av tolketenester i tilknytning til tenesteytinga når det er behov for det. Tenesteområda tek og ansvar for å vurdera kompetansen på dei tolkane som utfører tolkeoppdrag for kommunen og legg vekt på å nytta tolkar med relevant kompetanse. Slik sett meiner rådmannen at Fjell kommune tek i vare den einskilde innbyggjar si rettstryggleik og likeverd i samband med bruk av tolketenester innanfor dei kommunale tenesteområda. Men samstundes er det viktig å vera merksam på at Forvaltningslova også stettar lovkrav for ei rekkje andre område/tilleggstenester som inngår i lovteksten si nemning om «å informera, rettleia og høyra sine tenestemottakarar».

Rådmannen ser og at vi stadig får nye og betre elektroniske hjelpemiddel, dette gjeld og mellom anna verktøy knytt til tolking og omsetjing av språk – både munnleg og skriftleg. Det er viktig at departementet også tek omsyn til framtidig teknologisk utvikling når dei skal ta stilling til spørsmålet om behov for ei eiga «Tolkelov».